

Vurdering for læring

Framandspråksenteret

I denne utgåva av Communicare presenterer vi eit utval velkjende metodiske tips frå Framandspråksenterets materiell med ein ny vri (metodehefta *Det er verdt å lese* og *Byggeplassen* og dessutan undervisningsressursen *Skrivning – sirkelmodell*). Vi demonstrerer korleis desse metodane også kan nyttast i integrert og bevisstgjerrande arbeid med vurdering for læring. Visualisering og sansing er heilt sentralt i tilnærmingane. Eit anna viktig aspekt er samspel, og alle metodane legg opp til refleksjon og

diskusjon i fellesskap, noko som bidreg til å engasjere elevane og trekkje dei aktivt med i lærings- og vurderingsarbeidet. Gjennom meningsutveksling, samanlikning, strukturering, vektning, sortering, argumentasjon og stillingtaking skal metodetipsa fremje ei meir varig forståing av det elevane skal lære (jf. Utdanningsdirektoratets definisjon på djupnelæring og dei fire prinsippa for undervegsvurdering i opplæringslova).



Scan QR-koden
for mer info



Scan QR-koden
for mer info